

1.

Da *vittrabele* er nau so langt
Med korte aa myrke dagar.
Innattimyllum tungt aa trongt
Ein raakar so ymse plagar
Heimar ein finn aa ja det skjær
Ein trur kje rætt so illa
Rysjing fraa fot til krana fær
Kunde ein *møda* milda

2.

Vorherra so *skjepar* ser aa raar
Veit um det alt so os møtar
Han lækjedom gjev for sut aa saar
Balsam i saarerna sprøytar
Endaa me sjaa dert *skakkhalt* gjeng
Er folk til *stridom* huga
Alt ein etter syndi heng
Fuskar i kvar ei *foga*.

3.

Endaa Guds signing den strøymmer fram
Ja strøymmer os uppi hendar
Eigong me maatte *bljugast* av skam
Um ein dei hugmaal kjendar
Sumar aa vetter haust aa vaar
Himmelens truska me raaka
Kjærleikens veg Gud med os gaar
Kor vil ein berre staaka.

4.

Vorherra si hand er fagna den
Hekde naar alting maa slitna
Hjelpi hans naar kvareinast grend
Kvart straa aa kvart kryp kan vitna
Menneskjeborna hev han skabt
Vil at dei vel skal fara
Ingjen han vil skal ganga tabt
Derfor han trutt os vara.

5.

Æra aa takk maatte strøyma ut
Fraa djupaste hjarto vaare
I gaar aa idag den samme Gud
Som han alle dgar hev vore
Takk aa pris me gjeva han daa
For alt godt han os sendar
Takk for da stora aa da smaa
Ei takk som aldrig endar.

1 Ref: Fito Bj_s108.TIF

